Førsteblad

1. 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Folldal

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag: N. Atnadal og

Oppskr. av: Ivar N. Streitkvern

Gard: Morkagardane

(adresse): Tynset

G.nr. / Br.nr. /

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Lynging, ukjend

II Mosing.

1. Årvisst. Når ein er ferdig med slåtten og har fått opp grönnforet, er det å gå åt måsåhöin.

2. För heile vinteren.

3. Litt fint skoddeegn, dusjregn er best. Men det er sjeldan ein har slikt ver. Måsån skal helst vera mjuk. Ein vil gjerne ha godt „måsåver", men når ein först er komen i veg, so lyt ein „tå måså" anten veret er slik eller slik.

Det hender at når det er så mykje vått ver i slåttonna at ein ikkje får gjort noko med slåtten, så dreg somme gardbrukarar åt måsåhöin; men det er berre nokon einskild som driv det slik.

Er det turt måsåver, kan ein berre „kaste" för middag og så bera saman og „setta" etter middag. Helst „sét" ein med ein gong.

4. Både karar, kvinner og barn er med. Måsåonna kan stå på i 2-3 veker. Når det ikkje er for lang veg, går ein heimatt. Det kan bli 1 times marsj kvar veg. Heime hadde vi somme gonger 1½ time kvar veg. Höver det slik, ligg ein på seter.

Har det langt unna, er det oppsett „måsåbua" av dei som er interesserra. Buane blir lett overfylte, men når ein ligg pakka som sild i ei tynne på brisken,

1622

så blir det plass til nokså mange på 8-10 m² grunnflate.
Det finst mange ulike bia i N. Østerdalen.

5. Ein brukar måsåharke, ei rive med stutt sterkt skaft og 5-6 jarntindar med ▭ tverrsnitt, 12-14 cm lange. Riva må vera sterkgjord, avdi ein ofte lyt bruke makt for å rive laus lyng og kjørr som veks i lag med måsån. Sume brukar gaflar til riktig djup mose.

Først lagar ein lassbotn, tar av den mosen som er og legg bjørkekvister, einekjørr, eller anna som det høver på ei ▭ flate som er av storleik som ein slede. Dinest tar ein så mykje mose som fylgjer med riva og kastar denne „rivegrepen" med riva på lassbotn. Ein går rundt botn, passar på at lasset får skapeleg form, og „kastar" så langt ein når. Der det er djup mose, kan ein „kaste lasset", få eit fullt „lass-kast". Det er få staden ein har slik mose no.

6. Det som vantar på lass-kastet, blir tatt rundt i kring i „kast" og bore på lasset med eit „måsårip". Dette er ei firkanta ramme med tynne trespildrer til botn. Spolarane er fletta saman.



Ein brukar også å bera mosen i fanget d.v.s. ein tar att ein greider mellom armane og fanget. Dette er helst når „kastet" ligg like ved.

7. Ein set mosen i lass, noko lengre og breidare enn ein vanleg slede av det gamle slaget. Når mosen er mjuk, er det nokk å klemme han saman med handa. Lasset blir sett så det når skulderhøgd med toppen. Så set ein nedi ein bjørkekvist med namnemerket åt eigaren. Så hender det at lasset driv ned om vinteren, og da vil „ståkån" syne kvar helst det står.

Er mosen tørr, lyt ein „knegå" lasset både ein

1622

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og 2 gonger. Ofte vil „lasse ry" når mosen er turr. Ein lyt da passe på å få med lyng eller kjør.

I Os, og i Røros og andre stader i N-Østerdalen er det bruka å sette lasset i form. Denne lages av 4 bordgrindar som kan hektas saman. Forma er vidast ned og har storleik som eit lass. Ein fyller mosen opp i forma og trakkar til inntil forma er full. Så løfter ein forma av, og lasset står der ferdig.

I Tylldal set dei berre halve lass. Dei er da lettere å handtere om vinteren.

Det er eit tungt arbeid å velte lasset opp om vinteren. Først må ein få under 2 til 3 „måsåstaurar", så letta ein desse tilvers og held dei opp med ei „måsåkrufft". Er ein aleine, lyt ein flotte opp ein „måsåstaur" om gongen og flotte krufta etter.



Når ein har fått lasset passeleg på hall, kan ein sette ryggen under og velte det heilt opp: ein ikkje heilt ufarleg måte. Mannen til Abelone Streitlien miste livet på denne måten. Taket hadde glitte for honom så han vart liggande under lasset og kvelte. Da han ikkje kom heim att, måtte kona sjå etter kvar han vart av. Ho fann han under lasset, fekk han fram, la han på sleden og køyrde han heim.

For vel 25 år sidan miste ein ungdom frå garden Engvold livet sitt på same måten.

8. Når det går an, blir noko mose køyrd heim om hausten på vognføre, så ein har mose til det blir skikkeleg vinterføre.

Dersom det blir forlite mose om våren, måtte ein „strende måså" på speken. Ein fann fram til dei berre mosesandane og grov.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

mosen saman med „måsåharkun". Leste opp i vogna og köyrde heim. (Eit slitsamt og trøtt jobb)

Ein gard brukar å ta noko mose så nær ved at ein köyrer denne heim før jol, og helst da berre ettakvart som han blir bruka.

Mose som er lenger unda, köyres heim over jol og da så fort som det går an. i februar (og mars) helst. Den mosen som det ikkje er plass til på mosehevet, blir sett att på „måsålimmen" like nedanfor garden.

Noko mose ligg så langt unda at ein ikkje greidu turen på ein dag. Denne mosen blir limma fram eit stykke før jol på etterjolsvinteren. Limmane blir lagt på ein slik stad at ein er sikker på at lassa ikkje driv med.

9. For denne langköyringa er det vanleg at alle som har mose der, er med på vegbröytinga første gongen. Måsådugnad er ikkje bruka i anna høve, enn når ein mann har mist hesten sin, eller han for skuld sjukdom ikkje kan köyre sjøl.

Er det godt føre, köyrer ein „trilleista", hektar ein lett slede atti sleden, og köyrer på denne måten 2 lass om gongen. Er mosen „tung", er det nok med eit lass.

10. På måsåhevet.




Her blir lasset delt opp i „måsåklumpar" og send gjennom ein glugg og inn på „måsåskjellen" som ligg oppunder taket i fjoset. Her er det godt og varmt so mosen tinar. Så har ein mosen ned på fjosgolvet og delt ut til kyrne.

I nyare tid har somme gardbrukarar laga ei

1622
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

på „måsåvogn" som dei legg dei frosne „måsåklumpane oppi til kuing. Vogna stillar ein so fram etter fjøsgolvet ved utdelinga.
11. Kua først og fremst, gitt aleine utan nokor tilsetting. Geita fekk også noko mose. Denne vart òg kasta ut i nautgarden, og her vart det etter kvart eit tjukt lag med „måsåsorp" som ein laut køyre vekk om våren. Sauen kunde også koma ut og få mose på same måten.
12. Det er stor skilnad på mosen. Best er den som er ung, medan den djupe mosen, der halvparten er roten, er mindre god. Det er ei godt fôr. Når ein skifta over frå den djupe fjellmosen til den unge limosen, så voks mjølka, kunde Sølvberg fortelja. Nokor jamføring med høy har eg ikkje høyrt om.
Heime hadde vi vel 100 lass mose til 12 kyr og 40 småkrytyr. Det blir 5-6 lass på kua. Det er dei som har like mykje mose enda. Det blir kan opp 1000-vis lass kvar einaste haust. Noko mindre dei siste åra avdi det er vanskeleg å få arbeidshjelp, og den som er, er så altfor dyr.
I førstninga og minnest, var det berre reinmose – Kortknusen – ein skulde ta. Men etterkvart som det vart mindre av denne, vart ein mindre nøye på det, og tok med annan mose også, både gullskum og saltmose, lyng og kjørr.
Nærast garden greider ein mann ikkje meire enn 1 - 1½ lass om dag. Litt lenger unda 2-3 lass, og kjem ein dit det aldri er tatt mose før, greider ein 7-8 lass pr. dag, ja med gaffel enda fleire. Det er særleg Sparagrunnfjella som har kortmose, på skiferfeltet er det meire graskorn.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1622

Anna mose

1. Gamalt var det vanleg å sanke brødmose til grisemat. Mosen vart kokt saman med mjøl. Syster mi har sanka grismose og ho heldt han for å vera sers godt grisefor.

2. Ukjend.

1622
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING